



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1866 - 14/10175

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
29.04.2014

Svar på søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - gbnr 137/752 Alver - Einebustad

Delegert sak.

Vi viser til søknad m/vedlagte planteikningar/oppleggskjema VVS og situasjonsplan, motteke 14.01.2014.

Adresse byggeplass : Mangerbua 2 (tomt 12) 5911 Alversund
Type bygg : Nybygg einebustad i regulert bustadfelt.
Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vatn og kloakk og utføring av sanitæranlegg.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonnent sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår. Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter at anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.



Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til søkjar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Kopi til:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM

Mottakarar:

Stendal VVS AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND